

## Griegakademiets senter for musikkterapiforskning (GAMUT)



(Musikkterapifaget fokuserer på forholdet mellom musikk, helse og utvikling, enten i kliniske kontekstar eller – som her – i kvardagskontekstar. Biletet viser Gloppen pensjonistkor og ein musikkterapistudent i sving).

### Årsmelding 2007, med omtale av oppstarten hausten 2006

GAMUT Griegakademiets senter for musikkterapiforskning

Postadresse Griegakademiet, Institutt for musikk, UiB, Lars Hilles gt 3, 5015 Bergen Internett [www.gamut.no](http://www.gamut.no)

GAMUT er ei forskargruppe innan Unifob AS Universitetsforskning Bergen.

## Innhold

Bakgrunn, mål og strategi .....	3
Tilbakeblikk og oppsummering, 2006-2007 .....	4
Organisasjon og økonomi.....	5
Samarbeid med musikkterapimiljøet ved UiB .....	7
Andre samarbeidsrelasjonar .....	8
Forskningsprosjekt .....	9
Tidsskriftsdrift.....	10
Andre formidlingsoppgåver .....	11
Prioriterte satsingar og vidare utvikling .....	11
Vedlegg 1 – Rekneskap GAMUT 2007, inkl. oppstart hausten 2006.....	14
Vedlegg 2 – Personale i 2006 og 2007.....	15
Vedlegg 3 – Nokre nyhende 2007 (døme frå vevsida <a href="http://www.gamut.no">www.gamut.no</a> ).....	16
Vedlegg 4 – Liste over publikasjonar og faglege presentasjonar.....	17

## Bakgrunn, mål og strategi

Griegakademiets senter for musikkterapiforskning (GAMUT) vart etablert som del av Unifob helse hausten 2006, i samband med at musikkterapi vart etablert som fag ved Universitetet i Bergen. Årsmeldinga for 2007 vil difor også omfatte oppstarten av GAMUT hausten 2006.

Musikkterapifaget fokuserer på forholdet mellom musikk, helse og utvikling, både i kvardagssamanhengar og ulike institusjonelle og kliniske kontekstar. Slik byggjer faget bru mellom tradisjonelle faginndelingar innan humaniora, psykologi, helsefag og samfunnsfag. På engelsk tyder *gamut* "heile skalaen", i bokstaveleg eller overført tyding, noko som kan fungere som bilete på eit forskingssenter som spring ut av det musikkfaglege og som samstundes vil fange opp eit spektet av tverrfaglege problemstillingar.

Behovet for kunnskapsutvikling innan musikkterapi kan sjåast i lys av fire forhold: 1) Den sentrale rolla musikk har i kvardagslivet til folk flest. 2) Den aukande bruken av samfunnsintegreerte "lågterskeltilbod" innan musikk, helse og utvikling (t.d. opne musikkafear for rusmisbrukarar, pensjonistkor, osb.). 3) Profesjonelle situasjonar og kontekstar der tradisjonelle terapitilnærmingar kjem til kort, t.d. i arbeid med språkause menneske og med klientar med låg motivasjon for tradisjonell terapi. 4) Etterspurnaden etter dokumentasjon og utforskning av etablert musikkterapipraksis.

## Mål

Ved etablering av GAMUT har fagmiljøet sett seg følgjande målsetjingar:

- Å utvikle eit norsk musikkterapeutisk forskingssenter på høgste internasjonale nivå
- Å sikre adekvat kunnskapsutvikling innan universitetsfaget musikkterapi
- Å utvikle samfunnsrelevant kunnskap om samanhengar mellom musikk, helse og utvikling, for bruk i m.a. helsevesenet, sosialtenesta, skulesektoren og kultursektoren.

Aktiviteten i GAMUT er dels knytt til UiBs fagstillingar i musikkterapi, dels til Unifob helses stillingar innan musikkterapi. I kva grad desse målsetjingane lar seg realisere er difor avhengig av utviklinga av universitetsfaget musikkterapi ved UiB og samspelet som vert etablert mellom UiBs aktivitet og den eksternt finansierte aktiviteten, sjå det avsluttande punktet i årsmeldinga ("Prioriterte satsingar og vidare utvikling").

## Arbeidsområde

GAMUT tar sikte på å utvikle forskning av høgste kvalitet, med vekt på: 1) Undersøkingar av helseaspekt ved ålmenn musikkbruk i samfunnet. 2) Undersøkingar av helseaspekt ved målretta musikkbruk i institusjonelle samanhengar (musikk i skulen, musikk i kulturskulen, musikk i helsevesenet, osb.). 3) Klinisk musikkterapiforskning, prosessar og effektar.

Forskingresultat vil i hovudsak verte publiserte i engelskspråklege internasjonale tidsskrift. Konkrete formidlingsaktivitetar utover dette vil vere kronikkar og andre former for popularisert skriftleg formidling, rettleiing for aktuelle fagpersonar og fagmiljø og dessutan populariserte forskingsbaserte kurs og foredrag for institusjonar, foreningar og andre med behov for ny kunnskap om musikk, helse, utvikling og samfunn.

Vidare vil GAMUT vere ein sentral aktør innan internasjonal musikkterapitidsskrift, med utgjeving av det verdsomspennande forumet *Voices: A World Forum for Music Therapy* og det vitskaplege tidsskriftet *Nordic Journal of Music Therapy*.

## Strategi

Strategiar for utvikling av GAMUT byggjer på eit solid internasjonalt forskingsnettverk og er dessutan avhengig av eit fruktbart samspel mellom eksternt finansierte prosjekt og den musikkterapeutiske forskingsressursen ved UiB. For nærare informasjon, viser vi til strategidokumentet som er lagt ut på [www.gamut.no](http://www.gamut.no) (under “Fakta om GAMUT”).

## Tilbakeblikk og oppsummering, 2006-2007

GAMUT vart altså etablert i august 2006, i samband med etablering av musikkterapi som fag ved Universitetet i Bergen. Fagmiljøet vart då overført frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Arbeidet med å etablere og utvikle forskingssenteret har altså skjedd parallelt med etablering av universitetsfaget musikkterapi i Bergen, og det skal ikkje leggjast skjul på at mykje tid dei første månadene gjekk med til å etablere fagmiljøet og få teamarbeidet til å fungere innanfor den nye ramma. Mykje har gått seg til etterkvart og frå og med hausten 2007 har det difor vore rom for eit klårt fokus på fagleg utvikling, både av GAMUT og av universitetsfaget musikkterapi.

GAMUT er i dag musikkterapimiljøet i Bergen sin viktigaste reiskap for utvikling av forskning, både for generering av eksternt finansierte prosjekt, for utvikling av tverrfaglege nettverk og for samordning av UiB-finansiert og eksternfinansiert forskning. Dei musikkterapeutiske fagmiljøa ved UiB og ved GAMUT arbeider altså tett saman og det er nødvendig å sjå utviklinga av dei to miljøa i samanheng.

Erfaringane i 2006 og 2007 viser at aktivitet i GAMUT genererer ny musikkterapeutisk praksis i Bergen. Som døme kan nemnast at det ved Bergen Røde Kors Sykehjem vart etablert ei musikkterapistilling frå oktober 2007, som resultat av prosjektsamarbeid med GAMUT. Denne stillinga vil i neste omgang kome musikkterapistudiet ved UiB til gode, m.a. som arena for praksisundervisning og innsamling av data til masteroppgåver. Ei tilsvarende musikkterapistilling er under etablering ved Bjørgvin fengsel, som resultat av samarbeidet mellom GAMUT og Kriminalomsorgen.

## NFR-finansierte prosjekt

I den oppstartsfasen GAMUT har vore i, har to NFR-finansierte prosjekt vore sentrale:

Det internasjonalt orientert prosjektet “Musikk og helse i det seinmoderne samfunnet” (2004-2008), med Brynjulf Stige som prosjektleder, er no inne i sitt avsluttande år. Prosjektet er administrert av Høgskulen i Sogn og Fjordane og har samarbeidspartnarar i Sør-Afrika (University of Pretoria) og England (Nordoff-Robbins Music Therapy Centre, London). Dei ulike delprosjekt er og vil verte dokumenterte gjennom vitenskaplege artiklar. Eitt av delprosjekta (om Community Music Therapy) munnar ut i ei bok publisert på eit internasjonalt forlag. Randi Rolvsjords PhD-prosjekt var dessutan finansierte av dette prosjektet. Ho fullførte på kortare tid enn normert og disputerte ved Aalborg Universitet den 2. november 2007.

I november 2007 fekk Christian Gold ei tildeling på nærare 6 millionar kroner frå NFR sitt program for psykisk helse, til prosjektet “Resource-oriented music therapy for psychiatric patients with low therapy motivation: Randomised controlled trial”. Dette prosjektet byggjer internasjonale nettverk (m.a. ned fagmiljø i Australia og Austerrike) og sikrar m.a. ressursar til den første postdoktorstillinga i musikkterapi ved UiB.

## **Andre forskingsprosjekt**

Ved etablering i Bergen i 2006 fekk fagmiljøet knytt til seg to eksternt finansierte PhD-kandidatar. Begge prosjekt medverkar også til fagleg nettverksbygging, i høve til geriatri/medisin og barnevern/psykologi.

I løpet av 2007 vart det avklart at GAMUT, ved Christian Gold, vil selje tenester til University of Jyväskylä (i høve til ein EU-finansiert RCT på musikkterapi i høve til depresjon og angst). Gold har dessutan fått eit oppdrag i høve til eit pilotprosjekt i Kriminalomsorgen. Gold har difor no fått fast stilling i Unifob. Dei andre forskarane i senteret førebur også nye prosjekt, sjå “Prioriterte satsingar og vidare utvikling”.

## **Tidsskriftsdrift**

GAMUT har utgjevaransvar for to internasjonale tidsskrift: *Nordic Journal of Music Therapy* (nivå 2) og *Voices: A World Forum for Music Therapy* (først utvikla som eit forum, no også eit tidsskrift nominert til nivå 1). Begge tidsskrift er inne i ein konstruktiv dialog med BORA/UBB, med tanke på elektronisk publisering og eventuell overgang til Open Access.

## **Andre aktivitetar**

GAMUT har engasjert seg med medlemmer i vitenskaplege komitear for to ulike konferansar; Den 2. norske musikkterapikonferanse, Bergen (2007) og Den 7. europeiske musikkterapi-konferanse, Amsterdam (2007).

GAMUT utarbeidde hausten 2007 ein høyringsuttale til NFR sitt arbeid med “Nasjonal strategi for humaniora”.

Sidan etableringa i Bergen har fagmiljøet vore aktivt i høve til populariserte forskingsbaserte kurs og foredrag for ulike institusjonar og foreiningar, i og utanfor Bergensregionen, sjå nedanfor. Dei fagtilsette har også presentert på fleire internasjonale konferansar, sjå Vedlegg 4.

## **Andre nyhende frå 2007**

GAMUT har etablert seg med eiga internettside ([www.gamut.no](http://www.gamut.no)), der vi regelmessig legg ut nyhende, informasjon om aktuelle seminar, informasjon om ulike prosjekt, osb. I Vedlegg 3 har vi tatt med nokre døme på nyhende frå 2007.

## **Organisasjon og økonomi**

GAMUT er organisert som eit senter under Unifob helse. Fleire av forskingsprosjekta er utvikla som samarbeidsprosjekt der UiB-tilsette forskarar arbeider saman med Unifob-tilsette forskarar. Som fagfelleskap er GAMUT difor ei musikkterapeutisk og tverrfagleg forskargruppe samansett av forskarar frå begge organisasjonar. I 2007 har det vore ekstern finansiering av ca. fire årsverk ved GAMUT. Medrekna deltidsstillingar, stipendiatar og samarbeidande UiB-forskarar, har ni fagpersonar og ein konsulent på ulike vis vore knytt til GAMUT-prosjekt i 2006 og 2007 (sjå Vedlegg 2).

I 2007 har Christian Gold delteke på eit Unifob-kurs i prosjektleiing, medan Brynjulf Stige deltek på Unifobs utviklingsprogram for forskingsleiarar (2007-2009). Sidan seinhausten 2007 har Rune Rolvsjord hatt eit engasjement for Unifob helse, på 20 % stilling, for arbeid med utvikling av nettbasert kommunikasjon.

## Organisasjon

Forskingsleiar:	Brynjulf Stige
Redaktør <i>NJMT</i> :	Christian Gold
Redaktør <i>Voices</i> :	Brynjulf Stige (saman med Carolyn Kenny, USA)
Konsulent <i>NJMT/Voices</i> :	Rune Rolvsjord

## Økonomi/finansiering

Ved oppstarten av senteret fekk GAMUT kr. 100 000, - i etableringsstøtte frå Historisk-filosofisk fakultet (no Humanistisk fakultet). Støtta vart brukt til engasjement av forskingsleiar i 20 % stilling i perioden 1. oktober 2006 til 1. juli 2007. Ved oppstart fekk senteret også publiseringsstøtte frå Historisk-filosofisk fakultet og dessutan startstøtte frå Unifob helse. Følgjande kjelder står for ekstern finansiering (alfabetisk rekkefølge):

- Aleris Ungplan Region Vest
- GC Rieber Fondene
- Sosial- og helsedirektoratet
- Helse Vest
- Nordisk publiseringsnemd for humanistiske og vitenskapelige tidsskrifter (NOP-HS)
- Norges forskningsråd
- University of Jyväskylä

Innhenting av ekstern finansiering ein monaleg ekstrainsats av dei faste tilsette innan fagfeltet. Vidare framtid og utvikling av GAMUT må difor sjåast i samanheng med utvikling av universitetsfaget musikkterapi.

## Ekstraordinær ubetalt fagleg aktivitet

Fagtilsette i eit forskingssenter må rekne med å ta på seg arbeidsoppgåver som går utover ordinær arbeidstid. Ikkje minst vil arbeid med prosjektsøknader gjerne vere kvelds- og helgearbeid. Slik er det ved GAMUT som ved andre forskingssenter. Her skal vi difor berre synleggjere det som vi oppfattar som ekstraordinær ubetalt fagleg aktivitet, som GAMUT per dags dato ikkje har finansiering av. I tabellen nedanfor gjev vi forsiktige overslag over tidsbruk i dei ulike ubetalte funksjonane, som altså er formaliserte roller med definert ansvar og forpliktande arbeidsoppgåver av betydning både for fagleg utvikling og ekstern inntening:

Funksjon	Ubetalt stillingsstorleik	Person
Forskingsleiar GAMUT	30 %	Brynjulf Stige
Redaktør <i>Voices</i>	30 %	Brynjulf Stige
Redaktør <i>NJMT</i>	30 %	Christian Gold
Assisterande redaktør <i>NJMT</i>	10 %	Cochavit Elephant
*Undervisning for Griegakademiet	10 %	Christian Gold, Rune Rolvsjord og Brynjulf Stige

\* Dugnad i perioden aug 06 til juli 09 der Griegakademiet får 10 % undervisning i kompensasjon for den delen av Leif Aarøys seniorforskningsstilling som ikkje vert brukt til undervisning, men til forskning/forskningsrettlegg.



Til saman kan ekstraordinær ubetalt fagleg aktivitet altså stipulerast til 110 % stilling. Tyngda av dette er fordelt på to personar og må med dagens storleik på universitetsfaget musikkterapi nødvendigvis vere det. Resultatet er ei belastning på dei fagtilsette som ikkje er haldbar over tid. Den faglege grunngevinga for å setje i gang denne frivillige aktiviteten har vore at han er nødvendig for å bygge forskingssenteret GAMUT med eit tilstrekkeleg internasjonalt nettverk. I ein oppbyggingsfase er denne logikken haldbar, men ikkje på sikt, då frivillig aktivitet av eit slikt omfang og fordelt på så få personar som dette vil redusere fagmiljøet sitt handlingsrom ved at det går ut over kapasiteten til å fokusere på eiga forskning, til å utvikle nye prosjektsøknader, osb. Dei to løysingane vi ser, er difor anten avviking av den ambisiøse satsinga på eksternt finansiert aktivitet eller ei styrking av universitetsfaget musikkterapi kombinert med ei vidare fagleg og økonomisk utvikling av GAMUT.

### **Samarbeid med musikkterapi miljøet ved UiB**

Som universitetsfag er musikkterapi etablert ved Humanistisk fakultet, medan GAMUT er knytt til Unifob helse, som elles samarbeider mest med Medisinsk fakultet og Psykologisk fakultet. Denne doble organisasjonstilknyttinga er i hovudsak svært tenleg, då musikkterapi har ein multiappel fagleg identitet, med element av både humaniora, samfunnsfag og helsefag. Tilknytting til begge organisasjonar fungerer etter vår vurdering godt.

Der er etablert eit tett samspel mellom forskingssenteret GAMUT og musikkterapistudiet ved UiB som begge partar ser ut til å ha glede og nytte av. GAMUT profitterer t.d. på at fleire av dei fast tilsette ved UiB lar forskingstida ved universitetsstillingane gå inn i større fellesprosjekt. Dette kjem då i neste omgang UiB/Griegakademiet til gode i form av betre forskingspublikasjonar og fleire publikasjonspoeng. UiB/Griegakademiet vil ha utbytte av GAMUT sitt arbeid også på andre måtar. Det kan eksemplifiserast slik: 1) GAMUT arrangerer faglege seminar som musikkterapistudentane får tilgang til. 2) Forskingsprosjekt i GAMUT gjev fagmiljøet større fagleg breidde, noko som tener undervisning og rettleiing ved studiet. 3) Aktivitet i GAMUT genererer ny musikkterapeutisk praksis i Bergen, og med det praksisplassar for musikkterapistudiet. 4) Master- og PhD-studentar ved UiB får høve til å knyte seg til eit oppegåande forskingsmiljø i faget, noko som er av gjensidig fagleg verdi. Vi skal beskrive det siste punktet i noko meir detalj:

### **Tilbod til masterstudentar**

Masterstudentar ved UiB (i musikkterapi og i andre relevante fag) kan søkje om å få knyte arbeidet med masteroppgåva si til aktuelle forskingsprosjekt ved GAMUT. Siktemålet her er dobbelt, nemleg å leggje til rette for utvikling av meir og betre forskning i musikkterapi og å gje masterstudentar høve til å lære gjennom det å vere del av eit forskingsmiljø.

Å knyte masteroppgåva si til eit eksisterande forskingsprosjekt inneber mange fordelar for studenten, men også nokre plikter. Studenten vert del av eit forskingsmiljø og får nye faglege impulsar, samstundes som han/ho forpliktar deg til å vinkle og gjennomføre masteroppgåva si på ein måte som er relevant for det aktuelle forskingsprosjektet.

Det er berre hausten 2007 at det ved UiB har vore studentar i musikkterapi involverte i masteroppgåveskriving. Tre studentar har gjort val om å knyte seg til GAMUT-prosjekt. Dersom ein lukkast med å etablere årlege opptak til masterstudiet i musikkterapi, vil denne typen samarbeid kunne utviklast både i kvantitet, kontinuitet og kvalitet.

### **Tilbod til doktorgradsstudentar**

Doktorgradsstudentar i musikkterapi er integrerte i forskingsmiljøet i GAMUT. Begge dei to første PhD-kandidatane i musikkterapi ved UiB deltek m.a. regelmessig på GAMUT sine forskingsmøte, der forskingsidear, prosjekterfaringar og tekstar vert lagt fram og drøfta. På

visse vilkår, kan slik deltaking, med framlegg av tekstar, inngå i forskaropplæringa til kandidatane. Røynslene med dette er gode og modellen vil verte utvikla vidare i 2008.

### **Andre samarbeidsrelasjonar**

I etableringsfasen har GAMUT arbeid i samarbeid med Avdeling for helsefag i Høgskulen i Sogn og Fjordane, då knytt til prosjektet "Musikk og helse i det seinmoderne samfunnet". Det administrative samarbeidet vert avvikla i løpet av 2008, men det bør vurderast om og i kva grad det er grunnlag for vidare fagleg kontakt mellom dei to miljøa.

Fagmiljøet i musikkterapi har lenge hatt ein tradisjon på å arbeide i faglege nettverk, lokalt/regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Dette har ein forsøkt å utvikle vidare i Bergen:

#### *Lokale/regionale nettverk omfattar:*

- Aleris Ungplan Region Vest (gjennom doktorgradsprosjektet til Viggo Krüger)
- Bergen Røde Kors Sykehjem (gjennom doktorgradsprosjektet til Audun Myskja)
- Jæren distriktspsykiatriske senter.
- Kriminalomsorgen Vest
- Nordfjord distriktspsykiatriske senter
- Pedagogisk fagsenter, Fana
- Stavanger universitetssykehus

I tillegg har GAMUT etablert ein samarbeidsdialog med Kulturskolen i Bergen og dessutan eit pilotprosjekt ved Haukeland universitetssykehus.

#### *Internasjonale nettverk: Formelle samarbeidsavtalar internasjonalt omfattar:*

- Beth Israel Medical Center, New York (gjennom kontakt med Thanks to Scandinavia)
- University of Jyväskylä
- University of Melbourne
- University of Queensland
- Aalborg Universitet

Dessutan har GAMUT eit formalisert forskingssamarbeid med National Music Therapy Research Unit i Melbourne (Australia) og Wagner-Jauregg psykiatriske sjukehus i Linz (Austerrike). Vi har også eit tett forskingssamarbeid med Nordoff-Robbins Music Therapy Centre i London, som er eit viktig miljø i europeisk musikkterapi. Dette siste er førebels ikkje formalisert, men ein vil vurdere dette.

Tidsskriftet *Voices: A World Forum for Music Therapy* har eit formalisert samarbeid med Antioch University i USA og dessutan tett samarbeid med 20 redaksjonsmedlemmer fordelt på 18 ulike land og institusjonar, der alle kontinent er representerte med minst 2 redaksjonsmedlemmer. Tilsvarande har *Nordic Journal of Music Therapy* tett samarbeid med redaksjonsmedlemmer, redaksjonskontaktar og språkkonsulentar frå 13 ulike universitet/institusjonar i Europa, USA og Australia.

Samla sett har GAMUT eit svært godt internasjonalt nettverk, noko som er ein viktig ressurs i høve til generering av nye samarbeidsrelasjonar, satellittprosjekt, m.m. Nettverket vil også vere ein ressurs for universitetsfaget musikkterapi.



## **Forskningsprosjekt**

I 2006 og 2007 har følgjande prosjekt vore knytt til GAMUT:

### **An Explorative Study of Community Music Therapy**

Tidsperiode: august 2004-juli 2008  
Finansiering: Norges forskningsråd  
Involverte forskarar: Gary Ansdell (London), Cochavit Elefant, Mercédès Pavlicevic (Pretoria/London) og Brynjulf Stige  
Prosjektleder: Brynjulf Stige

### **An Explorative Study of Resource-oriented Music Therapy**

Tidsperiode: august 2004-juli 2008  
Finansiering: Norges forskningsråd  
Involverte forskarar: Randi Rolvsjord, Brynjulf Stige  
Prosjektleder: Brynjulf Stige

### **En systematisk evaluering av metoden Integrert musikk ved sykehjem (PhD-prosjekt)**

Oppstart: august 2006  
Finansiering: CG Rieber Fondene  
Kandidat: Audun Myskja  
Birettleder: Torgeir Brun Wyller (UiO)  
Hovedrettleder: Brynjulf Stige

### **Meta-analysis of the Effect of Music Psychotherapy**

Tidsperiode: januar 2004-desember 2007  
Finansiering: Norges forskningsråd  
Involverte forskarar: Christian Gold, Viggo Krüger, Hans Petter Solli,  
Prosjektleder: Brynjulf Stige

### **Musikkterapi som behandlingsmetode i en barnevernsinstitusjon (PhD-prosjekt)**

Oppstart: august 2006  
Finansiering: Aleris Ungplan Region Vest (løn) / UiB (drift)  
Kandidat: Viggo Krüger  
Birettleder: Dagfinn Winje (Psykologisk Fakultet, UiB)  
Hovedrettleder: Brynjulf Stige

### **Randomised Controlled Study of Resource-oriented Music Therapy**

Tidsperiode: januar 2004-desember 2007  
Finansiering: Norges forskningsråd  
Involverte forskarar: Christian Gold, Randi Rolvsjord, Tor Olav Heldal, Leif Edvard Aarø  
Prosjektleder: Brynjulf Stige

Prosjektinformasjon vert oppdatert kontinuerleg på nettsidene [www.gamut.no](http://www.gamut.no)

## Tidsskriftsdrift

Her følger nokre hovudtrekk i utvikling av dei to GAMUT-tidsskrifta i perioden 2006-2007:

### **Nordic Journal of Music Therapy**

Tidsskriftet kjem ut med to papirutgåver per år, ved sidan av ei fylldig heimeside med utvalde tekstar, bokmeldingar, debattar og diverse informasjon. NJMT er eit nivå-2-tidsskrift. Hausten 2006 takka Brynjulf Stige av som redaktør, etter å ha hatt denne rolla sidan etableringa av tidsskriftet i 1992. Christian Gold tok over som ny redaktør. Redaksjonen er også styrkt med to nye medlemmer; Kenneth Aigen frå Temple University (Philadelphia) og Gro Trondalen frå Norges Musikkhøgskole.

Tidsskriftet er etablert som eit viktig internasjonalt tidsskrift i faget. Nokre av dei utviklingsoppgåvene som den nye redaksjonen har tatt tak i er: Indeksering i fleire internasjonale databasar, lesarundersøking for evaluering av dei ulike seksjonane i tidsskriftet og profilering/marknadsføring av tidsskriftet.

Tidsskriftet er uavhengig og ikkje knytt til noko forlag. Økonomien er ikkje sterk, men likevel til å leve med. Finansiering i 2006 og 2007 omfattar støtte frå NOP-HS (Nordisk publiseringnemnd for humanistiske og samfunnsvitskaplege tidsskrift), frå Aalborg Universitet; University of Jyväskylä og frå Universitetet i Bergen. I tillegg kjem abonnementsinntekter. Ein dialog er etablert med BORA/UBB, med tanke på elektronisk publisering. Overgang til Open Access er også under vurdering, sjølv om det her er mange uavklara spørsmål.

### **Voices: A World Forum for Music Therapy**

Tidsskriftet er publisert elektronisk, med Open Access. Redaktørar er Brynjulf Stige og Carolyn Kenny (USA), slik det har vore sidan etableringa i 2001. *Voices* er eit internasjonalt forum og tidsskrift med redaksjonsmedlemmer frå alle verdsdelar. Ein hovudintensjon med tidsskriftet er å motverke den tendensen til europeisk og nordamerikansk dominans som ein finn innan dei fleste fagområde, også musikkterapi. Tidsskriftet har såleis eit spesielt fokus på å få fram tekstbidrag frå m.a. Afrika og Sør-Amerika, med særleg vekt på å utvikle ei betre forståing av korleis sosiale og kulturelle prosessar verkar inn på musikkterapeutisk teori og praksis.

Forumet inneheld fire ulike seksjonar; tidsskriftet *Voices*, Fortnightly Columns, Country of the Month og Discussions. Tekstar til tidsskriftet har sidan starten i 2001 vorte vurderte og kvalitetssikra av redaksjonen. I 2007 vart prosedyrane for dette innskjerpa, slik at tidsskriftet no har etablert formalisert fagfelle-vurdering av alle artiklar. Etter dette vart tidsskriftet nominert til nivå 1 i det norske "tellekantsystemet".

Ei viktig hending i 2007 var utgjevinga av boka *Voices da Musicoterapia Brasileira*, som den søramerikanske redaktøren for *Voices*, Lia Rejane Barcellos, har redigert og fått gitt ut. Barcellos er ein av dei viktigaste pionerane i brasiliansk musikkterapi og boka er gitt ut av forlaget Apontamentos i São Paulo. Brynjulf Stige har skrive forordet til boka. Boka byggjer på ulike artiklar frå *Voices*. Med denne boka legg Barcellos vekt på at *Voices* har opna ein kanal for kommunikasjon mellom musikkterapi i Brasil og resten av verda, samstundes som ho også understrekar at tidsskriftet kan vere ein reiskap for kommunikasjon mellom dei ulike musikkterapeutiske fagmiljøa i dette enorme landet med nærare 200 millionar innbyggjarar.

I og med at det for *Voices* er ein sentral funksjon å byggje bru mellom musikkterapi i ulike land, inklusivt utviklingsland, er tidsskriftet gitt ut som Open Access utan noko form for utgifter for lesarane. Tidsskriftet er difor avhengig av sponsorinntekter eller andre former for

støtte. I 2006 og 2007 har tidsskriftet fått publiseringstøtte frå Universitetet i Bergen. Det vert arbeidd med å finne nye løysingar for finansiering av tidsskriftet.

### **Andre formidlingsoppgåver**

I tillegg til bidrag på internasjonale og nasjonale konferansar, har dei fagtilsette i GAMUT i 2006 og 2007 gjennomført ca. 50 foredrag og kursopplegg i ulike samanhengar, sjå Vedlegg 4. Fagmiljøet arrangerer dessutan faste forskingsmøte kvar onsdag kl. 08.30 til 09.30. Nokre av desse møta vert annonserte som opne for andre deltakarar.

Her skal vi nemne dei seminarane som forskingssenteret har arrangert eller vore med på å arrangere i perioden hausten 2006 og i 2007. Ved m.a. å bruke dei nettverk som GAMUT og forskingsaktiviteten genererer, har det vore mogeleg å leggje seg på ei aktiv linje når det gjeld arrangering av opne fagseminar, utan at dette har medført særleg med økonomiske kostnader. Av desse kan nemnast:

- November 2006: Ope seminar på Griegakademiet, om Community Music Therapy. Forelesarar: Gary Ansdell (London) og Mercédès Pavlicevic (Pretoria)
- 2. februar 2007: Fagpedagogisk dag på Griegakademiet: Musikkterapi i barnevernet. Forelesar: Viggo Krüger (Aleris Ungplan/UiB)
- 3. og 4. mai 2007: Opne forelesingar om musikkterapiteori og -forskning. Forelesarar: Carolyn Kenny (Antioch University) og Even Ruud (UiO)
- 31. mai 2007: GAMUT-seminaret 2007: Musikkterapi mellom helsefag og humaniora (arrangert i samarbeid med den 2. norske musikkterapikonferansen, Fana, 1.-3. juni). Forelesarar: m.a. Kenneth Aigen (Temple University), Tom Solomon (UiB), Dagfinn Winje (UiB), Audun Myskja (UiB), Viggo Krüger (UiB) og Cochavit Elefant (UiB)
- 17. oktober 2007: Ope seminar om evaluering av kvalitativ forskning, på SVT. Forelesarar: Kirsti Malterud (Unifob), Torjus Midtgarden (SVT) og Brynjulf Stige (GA).
- 13. desember: Opa forelesing om musikkomgrepet i musikkterapi, musikkpedagogikk og musikkvitenskap. Forelesar: Even Ruud (UiO)

Erfaringane har vore at denne type opne fagseminar er viktige for musikkterapien si nettverksbygging, altså både for GAMUT og UiB, slik at det vil vere naturleg å vidareføre denne "tradisjonen". Av planlagde seminar 2008, kan nemnast:

- februar 2008: Fagpedagogisk dag på Griegakademiet, i samarbeid med fagmiljøet i etnomusikologi. Tema: "Music, Culture, and Health". Forelesarar: Annemette Kirkegaard, Randi Rolvsjord, Tom Solomon og Brynjulf Stige (alle GA).
- Hausten 2008: Ope seminar som markering av avslutninga av NFR-prosjektet "Musikk og helse i det seinmoderne samfunnet"
- Hausten 2008: Samarbeid med Holbergdagene om eit seminar om musikk, affektar og effektar, i barokken og i moderne tid.

### **Prioriterte satsingar og vidare utvikling**

#### **Faglege satsingar**

Kva som skal vere dei prioriterte satsingsområde for GAMUT er avhengig av behovet for forskning innan universitetsfaget musikkterapi, kompetanse og forskingsinteresse i faggruppa, samfunnsbehov og tilgjengeleg finansiering. Følgjande satsingar avspeglar desse faktorane:

### *Musikkterapi i psykiatri/mental helse*

Christian Golds prosjekt “Resource-oriented music therapy for psychiatric patients with low therapy motivation: Randomised controlled trial” vert ei viktig vidareutvikling av dette forskingsfeltet for GAMUT. Dette prosjektet gjev også GAMUT ei postdoktorstilling frå våren 2008.

Randi Rolvsjord førebur postdoktorprosjekt som vidareføring av doktorgradsprosjektet sitt om ressursorientert musikkterapi innan psykiatri/mental helse og det kan også vere ei målsetjing at ein får knytt nye stipendiatar til kvalitativ utforsking av dette fagområdet.

### *Musikkterapi i kriminalomsorga/mental helse*

Frå og med januar 2008 vert Christian Gold knytt til Kompetansesenter for sikkerhets-, fengsels- og rettspsykiatri (Helse Bergen), der han vil utvikle eit pilotprosjekt for musikkterapi innan kriminalomsorga.

### *Samfunnsmusikkterapi*

Dette feltet har vore sentralt i NFR-prosjektet “Musikk og helse i det seinmoderne samfunnet” (vert avslutta våren 2008) og vert vidareutvikla m.a. gjennom Viggo Krügers PhD-prosjekt innan barnevernfeltet. Brynjulf Stige førebur nye forskingsprosjekt knytt til ein humanistisk orientert samfunnsmusikkterapi, der han m.a. har etablert samarbeidsrelasjonar med forskarar ved UiO og ved NMH.

### *Aktuelle utviklingsområde*

PhD-prosjekta knytt til GAMUT vil kunne opne opp nye forskingsfelt. I og med den komande “eldrebølgja” og musikkterapiens potensial i høve til tiltak for eldre, er det såleis særleg aktuelt å vurdere om Audun Myskjås PhD-prosjekt kan danne grunnlag for ei meir langsiktig strategisk satsing på forskning i høve til geriatri/eldreomsorg i GAMUT.

Eit anna nytt område for GAMUT er også under etablering. Cochavit Elefant førebur postdoktorprosjekt og arbeider med eit pilotprosjekt om musikk og nevrorehabilitering, i samarbeid med Geir Olve Skeie ved Haukeland universitetssykehus / Medisinsk-odontologisk fakultet. I dette prosjektet er masterstudentar på musikkterapi involverte. Det er også aktuelt å involvere ein stipendiat og dessutan ein student på forskarlinja ved medisinstudiet ved UiB.

